

**Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i Hordaland 2017. Søknader med grunngjeving.
(Saksnr. 2016/9012-54)**

	Søkjar	Objektnamn	Tiltaket	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Edvard Sundby	Kalfarli 18 (Bergen)	Fleire istandsettingstiltak som inkluderer vindaug (40 stk.) takluker på loftet, sprekkdannelse/riss i mur, slutføring av renovering av el.nettet, reparasjon av garasjeport mm.	816 000	500 000	140 000	Fleire av tiltaka som er nemnt er tilskotsverdige. Det er ikkje rom for å innfri heile søknadssummen, men det er mogleg å dele arbeidet opp i fleire delprosjekt, då ikkje alt kan ha like høg prioritet. Vindaug på drevsider må prioriterast først, i tillegg til takluker på loftet.
2	Fortidsminneforening en, Hordaland avdeling	Stranges stiftelse (Bergen)	Nytt tak på tilbygg på baksida inkludert nye takvindaug og renner, nokre reparasjonar av kledning og andre bygningsdelar på same tilbygg. Taket i dårleg stand, og utbetring er vurdert som strakstiltak av fagmann.	237 250	237 250	150 000	Hovudhuset har fått ny taktekking, og det er vurdert som naturleg å vidareføre den prosessen også med tilbygget på baksida. Tett tak er viktig for ivaretaking av kulturminnet, og takarbeidet vert difor prioritert.
3	Forum Kino Eiendom AS	Forum Kino (Bergen)	I søknaden er tiltaka skildra som m.a: - Oppgradere alle tekniske installasjoner til dagens standard - Tilbakeføring og istandsetting av alle overflater innvendig og utvendig - Oppussing av nåværende arealer i tråd med opprinnelig arkitektur og stil - Restaurering av vinduer, dører og dekorasjoner vil skje etter tradisjonell handverksstandard. Det vil bli istandsetting av fredede elementer som vinduer, dører innvendig og utvendig, lamper,	51 435 000	1 000 000	300 000	Dei omsøkte tiltaka utgjør ein mindre del av ei svært omfattande rehabilitering. Det er vanskeleg å vurdere kva som har høgast prioritet mellom dei skisserte tiltaka. Kvart av dei omsøkte tiltaka er i seg sjølv av ein slik storleik at vårt bidrag berre vil dekke delar av desse. Difor er det vanskeleg å knyte ev. tilskot opp mot ein skilde tiltak. Tilskotet er meint å dekke antikvariske meirkostnader som følge av pålegg.

			møbler og ornamenter. - Tiltak i billetthall og vestibyle består av tilbakeføring og istandsetting av overflater. Den innfelte baren/kiosken fra 90-tallet mellom vestibylen og scenen fjernes og utsparingen i fondveggen tettes. Det vil bygges nye, fleksible barer.				
4	Karina Elisabeth Herteig	Christinegård (Bergen)	I 2017 er det så langt planlagt å fortsette arbeidene med terrassen og yttervegger, vindauge og dører. Søknaden beskriv og tiltak på driftsbygningen, men det må i fall komme som eigen søknad.	2 000 000	2 000 000	584 500 førehandstilsegn 250 000	Det er i søknaden skissert ei omfattande istandsetting med mange tiltak som alle er stønadsverdige. Kwart av dei omsøkte tiltaka er i seg sjølv av ein slik storleik at vårt bidrag berre vil dekke delar av desse. Vi tilrår støtte til vidareføring av igangsette tiltak i hovudhuset. For å gi kontinuitet i arbeidet vidare vert det tilrådd førehandstilsegn for 2018. Ein føreset at val av innsatsområde for den vidare prosessen vert gjort i samråd med vernemynde.
5	NJK Gamle Vossebanen	Garnes stasjon, vognremisse (Bergen)	Skadebildet i bygningen synte seg å vere større enn først registrert, der det mellom anna var råteskade i bunnsvillen og porten måtte settast i betre stand.	954 000	600 000	Avslag	Arbeidet er allereie utført og fell såleis utanfor rammene for tilskotsordninga.
6	Gerdt Meyer Bruun AS	Reperbanen på Fjøsanger, reiparbanebygning (Bergen)	Detaljprosjektering og vidareføring av pågåande restaureringsarbeider på bygning A Reperbanen, samt dokumentasjonsarbeider, og oppstart av arbeid med prosjektering av sprinklaranlegg. Dessutan terrengarbeider på oppsida av sørlege del av reiparbanen.	4 375 000	4 375 000	700 000 førehandstilsegn 400 000	Dette prosjektet har gått over fleire år og vil halde fram i mange år til. Ein har valt ein framgangsmåte der ein i denne fasen prioriterer istandsetting av takkonstruksjonen på dei stadane som har størst trong for det. Arbeidet på taket er "uproblematisk" og i vil i liten

							grad medføre faglege utfordringar. Bygningen er enkelt konstruert, og restaureringsarbeidet vil vere prega av repeterande oppgåver og problemstillingar. Prosjektet har god styring og gjennomføringsevne. Tilskotet går til å dekke materialutgifter og utføringa av restaureringsarbeidet på taket, samt til prosjektering av sprinklaranlegg. For å gi kontinuitet i arbeidet vidare vert det tilrådd førehandstilsegn for 2018.
7	Sandviksveien 60 og 62 AS	Mesterhuset og Tjærehuset, Sandviksveien 60-62, (Bergen)	Restaurering av Mesterhuset og sikring av Tjærehuset; dvs omlegging av tak og innsetting av kopiar av støpejernsvindaug i taket. Vidare er det lista opp ei rekke andre tiltak som skal utførast i år.	2 308 000	1 154 000	400 000	Restaureringa av Mesterhuset er ei stor og ressurskrevjande oppgåve, som har gått over lang tid. Tiltaka som er utført er i stor grad finansierte av egne midlar. Eigar har synt interesse for å ivareta kulturminna på ein kvalitativt god måte. Prosjektet har god styring og gjennomføringsevne og tilrår vidare stønad. Administrasjonen vil streke under at det i hovudsak berre vert gitt stønad til meirkostnader i høve til antikvarisk restaurering. For 2017 vil vi tilrå støtte til omlegging av tak og innsetting av kopiar av støpejernsvindaug i taket, samt montering av dør/portal.

8	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, Pumpehuset (Bergen)	Tetting av tak, sikring av bygg. Det er store fukt- og roteskader i tak og himling. Vindu, luke og dør mangler. Hull i murvegg. Gavl må murast på nytt. Dårlig murpuss på heile bygget.	355 000	210 000	Avslag	Tiltaket har vore omsøkt tidlegare, men då prioritert ned. Bygningen er mura med teglstein som er pussa. Sjølv om den er i dårleg stand og treng istandsetting, vurderer vi likevel med at den er såpass robust (murkonstruksjon) at den toler å stå enno ei stund.
9	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, 02 Brakke 1 (Bergen)	Istandsetting av kjellarvindauga. Det er bedt om at denne søknaden vert vurdert saman med søknad nr 10 - Adm brakka, då begge søknadane går på istandsetting/ restaurering av vindauga. Planen er at dei dels produserer nye dels restaurerer vindauga sjølv.	223 125	148 000	100 000	Søknaden er basert på at Stiftelsen Espeland fangeleir produserer/restaurerer vindauga sjølv. Dette vil representere ein stor økonomisk vinst for stiftelsen i kraft av sparte utgifter. Søknaden må sjåast i samanheng med søknad nr. 10. Tiltaket er vurdert som positivt og vi tilrår støtte til denne produksjonen.
10	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, 05 Administrasjonsbygg (Bergen)	Istandsetting av vindauga. Det er bedt om at denne søknaden vert sett i samanheng med søknad nr 9 - Brakke 02 der det og er søkt om istandsetting av vindauga. Planen er at dei dels produserer nye, dels restaurerer vindauga sjølv.	95 625	63 750	50 000	Søknaden er basert på at Stiftelsen Espeland fangeleir produserer/restaurerer vindauga sjølv. Dette vil representere ein stor økonomisk vinst for stiftelsen i kraft av sparte utgifter. Søknaden må sjåast i samanheng med søknad nr 9. Tiltaket er vurdert som positivt og vi tilrår støtte til denne produksjonen.

11	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, Messe / kjøkken – mellomgang (Bergen)	Utbetre fukt- og roteskadar og sanere eternitplater på aust- og nordsida av messe- byggets nordlege gavlvegg. I tillegg må fem vindaug rehabiliterast og døra bør skiftast ut.	418 000	278 000	130 000	Med avgrensa midlar til rådvelde er det vanskeleg å prioritere mellom dei mange viktige prosjekta i Espeland fangeleir. Dette tiltaket kan delast i mindre prosjekt slik at ein kan halde ein viss kontinuitet. Vi vil tilrå støtte til delar av tiltaket, som restaurering av vindaug, utskifting av dør mm.
12	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, Magasinbygg "Fjøset" (Bergen)	Utbetring av roteskadar grunna dårleg lufting i ytterpanel. Utskifting av øydelagde mønebeslag. Veggen mot nord er dekkja med eternitplater som bør erstattast med panel. Utskifting av takrenner, utbetring av diverse skader på dører, vindaug og mursteinsmurer.	448 000	299 000	200 000	Med avgrensa midlar til rådvelde er det vanskeleg å prioritere mellom dei mange viktige prosjekta i Espeland fangeleir. Dette tiltaket kan delast i mindre prosjekt, slik at ein kan halde ein viss kontinuitet. Vi vil tilrå støtte til delar av tiltaket, der takarbeid har første prioritet, istandsetting av vegger, takrenner og murverk så langt ein rekk.
13	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, ikkje spesifisert (Bergen)	Generelle midlar retta mot «brannsløkking» av skader i det store anlegget, der nye utfordringar vert oppdaga fortløpande.	300 000	300 000	Avslag	Tildeling av midlar skal nyttast til definerte tiltak med kostnadsoverslag. Søknaden ligg difor utanfor rammene for tilskotsordninga.
14	Stiftelsen Krigsveteranenenes Minne - Kronstad Hovedgård	Kronstad Hovedgård, stall og hovudbygning (Bergen)	Fullføre istandsettinga av stallen, samt oppstart av arbeida med vindfang på hovudhuset.		2 000 000	700 000 førehandstilsegn 250 000	Istandsetting av stallen begynte i 2016, og er godt i rute. Det er viktig å få slutført arbeidet med taket, slik at det ikkje blir ståande halvferdig. Det vert difor gitt tilskot til ferdigstilling av stallen. For å gi kontinuitet i arbeidet vidare vert det tilrådd førehandstilsegn for 2018.

15	Stiftinga Fjell Festning	Fjell Festning (Fjell)	Utarbeiding av forvaltingsplan for anlegget ved Forsvarsbygg	500 000	250 000	Avslag	Tiltaket fell utanfor rammene for tilskotsordninga.
16	Stiftinga Fjell Festning	Fjell Festning (Fjell)	Utarbeiding av tilstandsanalyse for fjellanlegget ved Forsvarsbygg.	125 000	72 500	72 500	Tilstandsvurdering av slike anlegg må utførast av særskilt fagkompetanse. Ein tilstandsrapport vil være ein nyttig reiskap for vidare planar for vedlikehaldet av festninga, som byr på særlege utfordringar å ta vare på.
17	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, røykstove/mosstove (id-5) (Granvin)	Sette utvendig kledningen på bygningen, som i dag står med synlege tømmerveggar. I samband med ei tidlegare vøle blei det brukt glava i mosegropa, noko som no fører til at fukt blir ståande i lengre tid, og vil medføre råteskade.	94 400	94 400	Avslag	Veggane står framleis eksponert for vær og vind og det vil vere fornuftig å få kledd veggene, men tiltaket vert vurdert å ikkje vere akutt. Dette tiltaket blir ikkje prioritert i år.
18	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, røykstove/mosstove (id-2) (Granvin)	Demontere sperr og laft. Nytt fundament. Lafte bygget opp på nytt. Tekke taket med never og torv.	450 130	250 130	100 000 førehandstilsegn 150 000	Det vart løyvd 200 000 til denne bygninga i 2016, noko som vil rekke til merking, demontering og vøling av mur og laft. Ved full de- og remontering av bygningar er det særleg viktig å sikre at arbeidet vert fullført. Det vert difor tilrådd tilskot samt førehandstilsegn for 2018.
19	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, glasstove (Granvin)	Legge på nytt tak. Reparere og sette inn vindaug der det manglar. Skifte noko kledning.	351 865	321 865	300 000	Det er lekkasje i taket og det hastar med å få lagt om dette slik at skadeomfanget ikkje får utvikle seg. Antikvariske føringar for val av tekkemateriale kan òg gi meirkostnader.
20	Marine Harvest (Eigar) og Stiftinga Herand Aktiesagbr	Oppgangsaga i Herand (Jondal)	Utbetring av vassrenna (øvre del). Nedre del blei vølt i 2014.	101 000	55 000	40 000	Saga er eit kulturminne i drift, noko som gir ho både kommersiell verdi og formidlingsverdi. Utbetring av vassrenna er ein kontinuerleg

	uk (forvalter)						prosess som er naudsynt for å halde oppe drifta.
21	Jonatunet AS	Jonatunet, hovudbygning (Jondal)	Maling av huset med meir, vedlegget beskriv et stort vedlikehaldsprosjekt.	423 650	300 000	150 000	Det er søkt om omfattande tiltak, og det er ikkje rom for å innfri heile søknadssummen. Tiltaka kan delast opp i delprosjekt som t.d. arbeid med vindauge og maling av veggjar. Malingsarbeidet som er beskrive er i kraft av storleiken meir enn «vanleg vedlikehald» og dermed i tråd med retningslinene for tilskot.
22	Stiftinga Fjelberg Prestegard	Fjelberg Prestegard, hovedhuset (Kvinnherad)	Omfattande supplering/forsterking av dagens takkonstruksjon, som syner seg å vere for svak. Dragaren som sperrene kviler på er kraftig nedbøyd og den eine er knekt.	300 000	300 000	300 000	At takkonstruksjonen blir sikra er ein føresetnad for å ta vare på denne bygninga. Tiltaket er utarbeidd i samarbeid med kulturminnemynde. Tilskotet går til å dekke materialar og utgifter til tømrarfirma.
23	Stiftinga Fjelberg Prestegard	Fjelberg Prestegard, hovednaustet (Kvinnherad)	Utbetring av takkonstruksjon: ei av sperrene mot syd i hovudnaustet er knekt og må skiftast ut.	48 000	48 000	48 000	Tiltaket er viktig for å sikre takkonstruksjonen og å hindre at forfallet utviklar seg. Å skifte ei enkeltsperr krev mykje tilrigging og tilpassing til eksisterande konstruksjon. Tilskotet er meint å dekke utgifter til materialar, rigging og tømrrar.
24	Leif Havre	Havråtunet, Kårhuset åt Andersane (Osterøy)	Omlagging av taket, samt utbetring av råteskadar i sutaket	112 969	56 500	50 000	Tette tak har høgste prioritet når det gjeld bevaring av bygg. Her har det i lengre tid vore lekkasje, og det er viktig å få tetta dette slik at ikkje skadeomfanget aukar.

25	Leif Havre	Havrå, naust bnr. 8 (Osterøy)	Istandsetting av naust og istandsetting av murfront mot sjø.	60 000	30 000	30 000	For å sikre naustet er det viktig å få tett tak. Vi vil tilrå støtte til istandsettinga av naustet, dvs. legge nytt tak og dels skifte ut skada kledning.
26	Leif Havre Oppetveiten	Havrå, løe bnr. 8 (Osterøy)	Istandsetting av taket.	190 156	190 156	30 000	Taket må på sikt skiftast, men i denne omgang er det meint at det er nok å vøle nedre del på nordsida. Heile tiltaket er stønadsverdig, men vi vil prioritere ein mindre reparasjon/istandsetting av dei nedste rastene i denne omgang.
27	Mariann Heldal og Jarle Havre	Havrå, gardshus bnr. 22 (Osterøy)	Utbetring av røteskadar i sperrekonstruksjonen og sutaket, grunna vasslekkasje og kondens.	61 777	61 777	50 000	Røteskadane i taket må utbetrast for å hindre at dei får utvikle seg.
28	Dag Erlend Torp	Havrå, Semenshuset (Osterøy)	Istandsetting av taket: fjerning av taktekking i eternit, reparere eventuelle røteskadar i sutak og sperr, legge nytt tak med dropeskifer, montere aluminiumsrenner, vindskier og dekkbord.	237 562	136 000	90 000	Det er lekkasje i taket, og utbetring får difor høg prioritet. Skifte frå eternit til skifertekking er vurdert å ha praktiske og antikvariske fordelar. Søkaren, som er tømrrar, skal gjere alt arbeidet sjølv og søker berre om tilskot til material. Vi tilrår støtte til tiltaket
29	Nord- og Midthordland sogelag	Syltastova (Radøy)	Utbetring av lekkasje i tak tekt med never og torv.	400 000	400 000	400 000	Det hastar det med å få tetta lekkasjen før skadane utviklar seg. Tiltaket er pga. tekkemetoden relativt kostnadskrevjande. Vi tilrår tiltaket.
39	Stiftinga Hesthamar Skrivargard	Hesthamar skrivargard, hovudbygning (Ullensvang)	Utbetring og forsterking av takkonstruksjonen, som er underdimensjonert og nedsige. Takstein og sutak vert teke ned, konstruksjonen sikra og supplert med nye bjelkar mm mellom dei gamle, sutak lagt på og supplert og ny takstein mest mogleg lik den	2 144 600	1 944 600	300 000 førehandstilsegn 1 450 000	Takkonstruksjonen har alvorlege svakheiter, og tiltaket er naudsynt for å sikra bygningen på sikt. Prosjektet og dermed søknadssummen er av ein slik storleik at finansieringa må delast opp over fleire år. Tilskotet skal i denne omgang

			gamle lagt på. Skorsteinen vert sett i stand slik at den kan brukast igjen.				dekke innkjøp av materialar, transport og lagring av dette, slik at oppstart av hovudprosjektet først tek til i 2018. Administrasjonen tilrår difor 1 450 000 i førehandstilsegn for 2018.
31	Stiftinga Agatunet	Agatunet, Jostova (Ullensvang)	Istandsetting av tak. Heller skal merkes og demonteres, råteskadde sperr og lekter skal skiftas ut. Alle lekter er angrepet av husbukk og må skiftes. Heller skal legges på plass att nøyaktig der dei lå. Lekter skal kjøpes frå Herand Sag. Spiker skal smis i Oddasmien.	212 000	200 000	150 000	Tiltaket er del av eit planmessig arbeid for å nå vanleg vedlikehaldsnivå i Agatunet innan 2020 og er eit av tre helletak som er planlagt i denne perioden. Fleire tak i Agatunet er vølt dei siste åra og prosjekta har hatt god styring, framdrift og eit rimeleg kostnadsnivå. Prosjekta har og vore nytta til formidling i ulike samanhengar.
32	Hilde Aga	Aga, løe med flor (Ullensvang)	Istandsetting av tak. Helletak må demonteres og råte deler skiftes ut. Deler av kledninga må og fornyas. Merke og demontere helletaket, skifte råte sperr og lekte, legge heller på plass att. Skifte råte kledning.	524 750	250 000	200 000	Røteskade i primærkonstruksjonen er under utvikling, slik at det er naudsynt å skifte ut deler av sperrekonstruksjonen og lektene. Dette er kostnadskrevjande då helletaket må plukkast ned. Eigar dekker sjølv halvparten av kostnaden. Ein slik eigeninnsats er med på å styrkje søknaden, då det er med å syne bruksverdien til bygninga.
33	Jon Geir Høyersten	Broch-huset (Ullensvang)	Forsterking av berekonstruksjonen, ved å avlasta vekt frå ei takbjelke i kjellaren ved å montera ein opplagsbjelke over vindauga og inn på murane ved sida av. Bjelken kalkast på innsida og utsida.	28 000	28 000	20 000	Lite tiltak som er ei utbetring av eit svakt punkt i konstruksjonen. Tiltaket er planlagt av røynd fagperson.

34	Eirik Øvreeide	Rekve mylne (Voss)	Utbetring av det mølletekniske anlegget: Byggja opp slokene, turbinane, vasshjulet, sikring av kvernene og golv over turbinrommet.		490 000	200 000	Sjølve møllebygningen er no er sikra, men det tekniske utstyret er ei vesentleg del av kulturminnet og særskilt viktig for formidlingsverdien. Det omsøkte tiltaket kan med fordel delast i fleire mindre delprosjekt. Til dømes kan turbin og vasshjul settast i stand som eit prosjekt, og sloket som eit eige prosjekt. Vi tilrår stønad til istandsetting av vasshjulet.
35	SNU C/O Tveit Regnskap	Odda smelteverk – ovn 3 (Odda)	Skifte lysplatene på ovn 3 samt vask og maling av stålplatene. Det er i gang arbeid med lyssetting av ovn 3 som vil betre det visuelle uttrykket for området.		2 822 600	600 000	Ovn 3 er ein stor bygning som vil krevje stor innsats å få sett i stand. I denne omgang er det planlagt å skifte ut nokre lysplater, samt vaske og male større deler av stålplatene på bygningen. Storleiken og høgda på bygningen gjev ekstra utfordring i høve til rigging/lift.
36	Norsk Vasskraft- og industrimus eum	Odda smelteverk, Bygg 026 Smia (Odda)	Innvendig restaurering - vidareføring istandsettingsarbeidet som har føregått i 2016, men no også innvendig. Spesielt er nemnt silikatmaling av innvendige murveggar, vindaugsopningar, stålrammene i vindauga må slipast/pussast med meir.	1 575 456	656 509	300 000	Istandsetting av smia har pågått nokre år, og den største arbeidet (taket) er fullført. Utvendige dører og portar er for det meste istandsett, slik at eit tilskot for 2017 vil gå til delvis dekking av dei innvendige arbeida. Prosjektet har god styring.
37	Sverre Sangolt	Notabunaustet, Kvalvågen (Sund)	Oppgradering av bygningen etter gamal byggeskikk ut- og innvendig. Samstundes skal naustet få dagens standard med varme- og sanitæranlegg	1 453 000	400 000	90 000	Riksantikvaren har opna for bruk av statlege midlar til kystkultur sjølv om objektet ikkje er freda. Kvalvågen er av nasjonal interesse pga. den unike kvalfangstmetoden som vart nytta her. Som kulturminne er naustet ein viktig del av eit heilskapleg sjøbruksmiljø. Dei delane av tiltaket som går ut på

							restaurering kan difor få midlar frå denne tilskotsordninga. Tilskotet går til å støtte meirkostnader der bygningen treng restaurering av opphavleg primærkonstruksjon og kopiering eller tilbakeføring av overflater (inkl. omlegging av skifertaket). Det er ein føresetnad at tiltaka vert førehandsgodkjent av kulturminnemyndet.
38	Kræmmerholmen AS	Kræmmerholmen, hovudhus (Fedje)	Istandsetting/utskifting av bolverket under hovedhuset.	128 600	128 600	70 000	Riksantikvaren har opna for bruk av statlege midlar til kystkultur sjølv om objektet ikkje er freda. Kræmmerholmen er eit viktig kulturminne med ei historie som går attende til før 1658, og seinare med funksjon som handelsstad gjennom nærare 200 år. Status på bolverket er kritisk, og det er brukt kompetent fagmiljø til å utarbeide underlag for søknaden. Tiltaket kan difor få midlar frå denne tilskotsordninga.
39	Leif Havre	Havrå, bnr. 8, 10 og 11 (Osterøy)	Skjøtsel av kulturlandskapet: slått av innmark.	120 000	120 000	65 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.
40	Geir Sundal	Havrå, bnr. 7 og 12 samt 5 og 14 (Osterøy)	Skjøtsel av kulturlandskapet: slått/skjøtsel av innmark/utmark		297 000	90 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.
41	Frode Kjærland	Havrå, Simobruket (Osterøy)	Skjøtsel av kulturlandskapet:		120 000	80 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.

42	Museumssenteret i Hordaland	Havrå, (Osterøy)	Skjøtsel av kulturlandskapet:	2 649 700	2 649 700	2 000 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.
43	Stiftinga Lyngheisen teret	Lyngheisenteret på Lygra (Lindås)	Skjøtsel av kulturlandskapet:	877 000	877 000	600 000	Lyngheisenteret er ikkje freda, men vert rekna som eit særleg verdifullt kulturlandskap og fell difor inn under tilskotsordninga. Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda kulturminneverdiane.
44	Fortidsminneforening en, Hordaland avdeling	Kurs, Gamle Bergen museum	Kurs. Arrangering av fag- og handverksseminar på Gamle Bergen museum for eigarar av gamle bergenshus og for handverkarar.	90 000	90 000	Avslag	Tiltaket er ikkje knytt til istandsetting av eit konkret kulturminne eller innhenting/utprøving av sjeldan kunnskap i tradisjonelle bygningshandverk. Det fell difor utanfor rammene for tilskotsordninga.
45	Hardanger og Voss Museum	Kurs i kroting, Borgstova i Vikøy (Kvam)	Kurs i kroting. Hardanger folkemuseum har eit prosjekt gåande med å prøve ut kroteteknikken og ta opp att denne tradisjonen. Museet skal krote tre stover i løpet av 2017-18 og dokumentere og formidle arbeidet.	70 000	20 000	20 000	Kurset vil byggja kunnskap om ein særmerkt dekorform som har gått i gløymeboka og innebere ei fullføring av istandsettinga av ein freda bygning.
46	Haakon Aase og Kåre Nes	Kurs i tørrmuring, kvelvbru gnr 140 bnr 3 i Kvam	Kurs i tørrmuring gjennom reising av kvelvbru. Prosjektet siktar mot å skapa ein kunnskapsbase for arbeid med liknande konstruksjonar, m.a. ved istandsetjing og restaurering av eksisterande anlegg.	600 000	120 000	100 000	Prosjektet er svært nyttig med tanke på kunnskapsinnhenting og opplæring i eit viktig tradisjonsfag i den regionale byggjeskikken og vil ha store positive ringverknader for bevaring av ei rekkje freda hus. Det kan difor støttast sjølv om det ikkje er direkte knytt til eit freda kulturminne.
	Til saman				23 188 637	10 000 000	

						Førehands- tilsegn 2 500 000	
--	--	--	--	--	--	---	--